



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	25.06.2025
Møtetid:	13:00 -16:00
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Kariann Ekren	medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
------	-------	-------

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
------	----------	-------

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anne Kristin Rafoss

rådgjevar

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 60/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 61/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 10.06.25	
PS 62/2025	Rammer for årsbudsjett 2026	
PS 63/2025	Kulturprisen 2025	Offl. § 26 2. ledd
PS 64/2025	Kulturmidlar 2025 tildeling	
PS 65/2025	Kulturtiltaksmidlar 2025	
PS 66/2025	Kulturvernmidlar 2025 tildeling	
PS 67/2025	Tilskot frå Masfjorden kommune til TV-aksjonen 2025 - Atlas-alliansen	
PS 68/2025	Sak om søknad om tilskot til hurtiglading for elbilar på Sandnes	
PS 69/2025	Oppstart av reguleringsplan for fleirbrukshall i Hosteland Aust	
PS 70/2025	Oppstart av endring av reguleringsplan for bru over Masfjorden	
PS 71/2025	Referat- og orienteringssaker	
RS 21/2025	Etablering av Kvingo Post i Butikk, avvikling av Kvingo Posten pakkeutlevering og Masfjordnes pakkeutlevering	
RS 22/2025	Statsforvalterens vedtak - Masfjorden 38/2 m fl. Skutevika- planID 46342023001	
RS 23/2025	Vedtak TFV1-046-2025 - forkøyrregulering og fartsgrense - Austfjordvegen - Masfjorden kommune	
RS 24/2025	Trafikksikring for fotgjengarar på Matre som må kryssa E39	
RS 25/2025	Formell klage på manglande oppfølging av kommunedelplan for trafikksikring	

RS 26/2025

Protokoll etter møte i representantskapet til Bergen
og Omland Friluftsråd 25.mars

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 26.06.2025 av sak 60/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 26.06.2025 av sak 60/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 26.06.2025 av sak 61/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 10.06.25

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 26.06.2025 av sak 61/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 10.06.25:

Møteprotokoll frå formannskapet 10.06.25 vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 26.06.2025 av sak 62/2025 Rammer for årsbudsjett 2026

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Kariann Ekren (H) bad om at følgjande vart protokollert:

- Masfjorden Høgre har ved dei siste budsjetttrundane fremma ei rekke forslag frå programmet vårt, og som me saman med Sp og Frp har funne fram til felles løysingar på. Me håper sjølvstendig at heile kommunestyret ser verdien av desse framlegga til felles beste for innbyggjarane våre.
Det er berre det at ting tar tid. Og me er utålmodige.
Det viktigaste utanom brua er å få fleire tilflyttarar, og til det må me gjere oss attraktive. Me ynskjer oss fleire barnefamiliar både i Indrefjorden, i Nordbygda og her på Sørsida. Då må me ha fritidstilbud i nærområdet, barnehageplass og ein skule der læring, meistring og sosialt vennskap står i fokus.
Då må me tåle å ta dei løfta som innbyggjarane trivast med, slik som me ser på idrettsbana på Hosteland, bassenget på Matre og dagsturhytta på Kvingo. Dette ryktast og dette gjer at folk finn vegen til Masfjorden. For Høgre er det uaktuelt å kutte ned på kultursektoren.
Og, kan me fylle på med fleire arbeidsplassar, ja då har me den dynamikken som skal til for at me kan leve godt her i Masfjorden, ja heile livet ut. Neste år vil me også utvide velferdstilbudet ved sjukeheimen og omsorgsbustadane, slik at dei som ynskjer seg eit glas vin eller ein drink, får tilbud om å kjøpe seg det ein gang i blant. Me kan ikkje takke nei til tilflyttarar som vil byggje der det er ferdig regulert.
- I første omgang vil me oppfordre til at dei 2 prosjekta som kan byggjast ut i privat regi, vert løfta fram. Det gjeld gamleheimen på Sandnes og Hosteland Vest som me fekk presentert i forrige Formannskapsmøte. I den «NYE» gamleheimen, vil ne gjerne at kommunen kan teikne seg for 2 utleige- /seniorbustader slik som på Haugsvær Panorama, nettopp for å fart på prosjektet.
Det same gjeld Botnaneset, men me vil først ta løftet med nærmiljøet rundt Sandnes skule og gangvegen frå Kvamme slik at folk faktisk vil flytte hit.
Men også for våre andre fastbuande, må me styrke tilbudet.
- Det gjeld å styrke kompetansen i skulen og å få til eit løft for elevane når det gjeld praktiske fag.
- Det gjeld både kreftkoordinator og demenskoordinator for å styrke tilretteleggjinga for dei familiane som vert råka av dette. Og no forstår eg det slik at demenskoordinator alt er på plass. Godt jobba!
Me vil vidare be om sak vedrørande nedsalg av kommunale eigedommar samt

overføring av kommunale eigedommar til Masfjordbygg AS. Sak må vere utgreidd for å kunne ta stilling til utleige eller salg av dei respektive bygningane. Også ein plan for vedlikehald kostnad til dette må vere med. Dette har vore oppe tidlegare, m.a. ved at leiar på Teknisk avd. hadde ein presentasjon av dette i maimøtet.

Får me frigjort einebustader til eldre personar som ynskjer seg ein enklare og tilrettelagt bustad, ja så får me også ledig kapasitet for familiar i etableringsfasen.

Elles så er landbruksgruppa kommen godt i gang, og me vil be om ei sak som går på å styrke landbrukskontoret vårt. Det er det kommen mange signal til landbruksgruppa om.

Ørjan Daae (FrP) bad om at følgjande vart protokollert:

- Masfjorden FrP har sammen med Høgre og SP samarbeid godt og funne fram til fleire løysninger. Vi har mangen saker som binder oss samman, derfor er det svært gledelig at sakene blir satt på dagsorden.

Veien videre vil Masfjorden Frp jobbe for våre saker, blir løfta fram og at en finner gode løysninger i samarbeid Høgre og SP. Vi har utarbeidet flere gode verbale punkt til innstillinga i rammesaka for 2026.

Me vil forsette å øke vedlikeholdet på dei kommunale veiene og bruene. Her er det mykje å spare om en klarer å komme i forkant av nødvendig vedlikehold. Vi har enda noen år til før vi kommer over toppen. I tillegg kommer arbeidet med å gjøre våre kommunale veier trafikksikre. Trafikksikringiltak , både store og små må prioriteres. Det må sette av faste midler til trafikksikring på lik linje som vi gjør med asfaltering. Kommunale utleieboliger må fornyes. Vårt forslag er at vi selger boliger, som igjen delfinansierer nye boligprosjekter i samarbeid med byggefrima. Vi kan garantere leie eller kjøpe nye leiligheter for å få realisert flere nye boliger. Masfjorden kommune har også flere kommunale tomter, som kan ha flere boenheter i samme bygning. Den gamle sjukeheimen er et slik prosjekt. Vi ser for oss en egen etasje som kommunen kunne disponere/ leie til alle brukeregrupper. Det kan en også få plass til møteplass og nærbutikk.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) bad om at følgjande vart protokollert:

- Masfjorden Ap registrer at det er planlagt 10 mill. nedtrekk for å ivareta måltala og ivareta ein sunn økonomi for Masfjorden kommune i 2026 - 2029. Innspel framkome i møte av H, FrP og Sp ber me om blir konsekvensutgreiast økonomisk til budsjett/økonomiplan skal handsamast i kommunestyret. Masfjorden Ap vil kome attende til andre merknadar i budsjettbehandlinga i september./ oktober.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram følgjande verbalpunkt på vegne av Sp, H og FrP:

- Oppvekst:
 - Meir praktiske fag i skulen og oppgradering av hjelpemiddel til desse faga/valfaga.
 - Etter- og vidareutdanning kombinert med meir kvalifiserte lærarkrefter på ungdomsskuletrinnet.

- Styrka hospitering i næringslivet og styrka yrkesrettleiing og lærligetilbud.
- Få utgreidd ei sak om ei kombinert stilling ved alle skulane der vaktmester/sløydforming instruktør og aktivitetstilrettelegging inngår i stillingsinstruksen. Ein vaksen person som til at elevane får veiledning og oppfølging i aktivitetar dei har interesse for.

Helse:

- Etablere ei stilling som kreftkoordinator
- Utvida kontortid ved legekontoret på Hosteland

Omsorg:

- Velferdstilbud med trille-barskap med skjenkeløve for bebuarar på sjukeheimen og omsorgsbustadane.

Kultur:

- Starte arbeid med oppgradering av skule-/aktivitets- og idrettsanlegget ved Sandnes skule.
- Arbeide vidare med realisering av varmestove/lager i Stordalen.

Kommunikasjonar:

- Følge opp trafiksikringsplanen og veivedlikehaldsplanen
- Samfinansiering med fylkeskommunen om gangveg mellom Kvamme og Sandnes skule.
- Samfinansiering av utbedring av fylkesveien mellom Mollandseid og Reknes. (3 mill)

Bustadetablering:

- Få fram ei sak om sal av kommunale bustader, organisering, inntektspotensialet, frigjering av kapital, evt. bruk av Masfjordbygg AS før kommunestyret skal ta stilling til budsjetthandsaminga for 2026.
- Få fram ei politisk sak om tilskot til oppstart av Hosteland Vest byggjefelt, slik som det vart presentert i Formannskapet no i juni.
- Etablere inntil 2 seniorbustader i «Nye» gamleheim-bygget på Sandnes gjennom kontrakt med utbygger.

Landbruk:

- Styrke bemanninga ved landbrukskontoret

Rådmannen sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

- Investeringsplan i økonomiplanperioden 2026 - 2029 vert lagt til grunn i rammesaka.

Budsjett 2026 - Økonomiplan 2026 - 2029

INVESTERINGSPLAN (tal i heile tusen)	ØKONOMIPLANPERIODE			B 2026	ØP 2027	ØP 2028	ØP 2029
	Sum øk.plan	MVA	Finans behov				
Investeringstiltak							
MATRE SKULE - TAKSTEIN	900	180	720	720	-	-	-
OMSORGSBUSTAD MATRE - TAKSTEIN	1 000	200	800	800	-	-	-
VERNABUSTAD HAUGSVÆR 2 STK	1 000	200	800	800	-	-	-
SKULANE - LAMPAR	675	135	540	540	-	-	-
SKULANE - INNVENDIG REHABILITERING	4 650	930	3 720	3 720	-	-	-
BRANNVARSLING INDRE MASFJORDEN BHG	150	30	120	120	-	-	-
OMSORGSBUSTAD HAUGSVÆR	4 800	1 100	3 700	3 700	-	-	-
HAUGSVÆRTUNET FELLESAREAL	3 900	800	3 100	3 100	-	-	-
SJUKEHEIM - TAKSTEIN	5 000	1 000	4 000	-	4 000	-	-
SANDNES SKULE - TAKSTEIN	1 563	313	1 250	-	-	1 250	-
OMSORGSBUSATD HOSTELAND - TAKSTEIN	1 650	330	1 320	-	-	1 320	-
GAMLE LEGEKONTOR - TAKSTEIN	720	144	576	-	-	576	-
MATRE OG SANDNES SKULE - LÅSESYSTEM	300	60	240	-	-	240	-
OMSORGSBUSATD MATRE - REHABILITERING	-	-	-	-	-	-	-
LAGER DUESUND - VENTILASJON	500	100	400	-	-	-	400
SANDNES SKULE - KJØKKEN	1 050	210	840	-	-	-	840
SUM KOMMUNALE BYGG	27 857	5 731	22 126	13 500	4 000	3 386	12 214
KOMMUNALE VEGAR	10 000	2 000	8 000	2 000	2 000	2 000	2 000
TRAFIKKSIKRING - INDRE HAUGSDAL	625	125	500	500	-	-	-
SUM VEG	10 625	2 125	8 500	2 500	2 000	2 000	2 000
KJØRETØY TML	1 000	-	1 000	1 000	-	-	-
BRANNBIL DUESUND	900	-	900	900	-	-	-
FIRSTRESPONDER SANDNES	350	-	350	350	-	-	-
FIRSTRESPONDER DUESUND	350	-	350	-	350	-	-
SANDNES BRANNSTASJON	625	125	500	-	-	-	500
SUM KJØRETØY	3 225	125	3 100	2 250	350	-	500
VASSFORSYNING	2 000	-	2 000	500	500	500	500
GRUNNVASSKJELDE ØVREDALEN/ANDVIK	5 000	-	5 000	1 000	4 000	-	-
TILTAK - VA PLAN	2 000	-	2 000	500	500	500	500
SJØLEIDNING HOSTELAND-HOSTELAND VEST	3 000	-	3 000	2 000	1 000	-	-
SUM VASSFORSYNING	12 000	-	12 000	4 000	6 000	1 000	1 000
IKT- OG EDB INVESTERINGAR	2 000	400	1 600	400	400	400	400
SUM ANDRE TILTAK	2 000	400	1 600	400	400	400	400
STARTLÅN	12 000	-	12 000	3 000	3 000	3 000	3 000
SUM STARTLÅN	12 000	-	12 000	3 000	3 000	3 000	3 000
SUM INVESTERINGAR	67 707	8 381	59 326	25 650	15 750	9 786	8 114

Framlegg til vedtak med tilleggspunktet frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 26.06.2025 av sak 62/2025 Rammer for årsbudsjett 2026:

Vedtak frå formannskapet:

Vidareføring av dagens driftsnivå inn i 2026 tilseier netto driftsunderskot på 4,7 mill. Dette er 10,7 mill. under vedtatt resultatkrav (netto driftsoverskot på 1,75 %).

Det er viktig at me tilpassar overgangen til nytt inntektssystem frå 2025 ved at me klarar å oppretthalde balanse i drifta og reduserer trongen til låneoptak framover for å ivareta det økonomiske handlingsrommet.

Balanse i drifta krevjar at tenestenivået reduserast med 10,0 mill. i 2026:

- Oppvekst og kultur reduksjon med 2,5 mill.
- Helse og PLO reduksjon med 3,1 mill.
- Tekniske tenester reduksjon med 2,0 mill.
- Resterande tenestekområde reduksjon med 2,4 mill.

Investeringsplan / økonomiplan 2026 - 2029 vert lagt til grunn i rammesaka.

Budsjett 2026 - Økonomiplan 2026 - 2029

INVESTERINGSPLAN (tal i heile tusen)	ØKONOMIPLANPERIODE			B 2026	ØP 2027	ØP 2028	ØP 2029
	Sum øk.plan	MVA	Finans behov				
Investeringstiltak							
MATRE SKULE - TAKSTEIN	900	180	720	720	-	-	-
OMSORGSBUSTAD MATRE - TAKSTEIN	1 000	200	800	800	-	-	-
VERNABUSTAD HAUGSVÆR 2 STK	1 000	200	800	800	-	-	-
SKULANE - LAMPAR	675	135	540	540	-	-	-
SKULANE - INNVENDIG REHABILITERING	4 650	930	3 720	3 720	-	-	-
BRANNVARSLING INDRE MASFJORDEN BHG	150	30	120	120	-	-	-
OMSORGSBUSTAD HAUGSVÆR	4 800	1 100	3 700	3 700	-	-	-
HAUGSVÆRTUNET FELLESAREAL	3 900	800	3 100	3 100	-	-	-
SJUKEHEIM - TAKSTEIN	5 000	1 000	4 000	-	4 000	-	-
SANDNES SKULE - TAKSTEIN	1 563	313	1 250	-	-	1 250	-
OMSORGSBUSATD HOSTELAND - TAKSTEIN	1 650	330	1 320	-	-	1 320	-
GAMLE LEGEKONTOR - TAKSTEIN	720	144	576	-	-	576	-
MATRE OG SANDNES SKULE - LÅSESYSTEM	300	60	240	-	-	240	-
OMSORGSBUSATD MATRE - REHABILITERING	-	-	-	-	-	-	-
LAGER DUESUND - VENTILASJON	500	100	400	-	-	-	400
SANDNES SKULE - KJØKKEN	1 050	210	840	-	-	-	840
SUM KOMMUNALE BYGG	27 857	5 731	22 126	13 500	4 000	3 386	1 240
KOMMUNALE VEGAR	10 000	2 000	8 000	2 000	2 000	2 000	2 000
TRAFIKKSIKRING - INDRE HAUGSDAL	625	125	500	500	-	-	-
SUM VEG	10 625	2 125	8 500	2 500	2 000	2 000	2 000
KJØRETØY TML	1 000	-	1 000	1 000	-	-	-
BRANNBIL DUESUND	900	-	900	900	-	-	-
FIRSTRESPONDER SANDNES	350	-	350	350	-	-	-
FIRSTRESPONDER DUESUND	350	-	350	-	350	-	-
SANDNES BRANNSTASJON	625	125	500	-	-	-	500
SUM KJØRETØY	3 225	125	3 100	2 250	350	-	500
VASSFORSYNING	2 000	-	2 000	500	500	500	500
GRUNNVASSKJELDE ØVREDALEN/ANDVIK	5 000	-	5 000	1 000	4 000	-	-
TILTAK - VA PLAN	2 000	-	2 000	500	500	500	500
SJØLEIDNING HOSTELAND-HOSTELAND VEST	3 000	-	3 000	2 000	1 000	-	-
SUM VASSFORSYNING	12 000	-	12 000	4 000	6 000	1 000	1 000
IKT- OG EDB INVESTERINGAR	2 000	400	1 600	400	400	400	400
SUM ANDRE TILTAK	2 000	400	1 600	400	400	400	400
STARTLÅN	12 000	-	12 000	3 000	3 000	3 000	3 000
SUM STARTLÅN	12 000	-	12 000	3 000	3 000	3 000	3 000
SUM INVESTERINGAR	67 707	8 381	59 326	25 650	15 750	9 786	8 140

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 26.06.2025 av sak 64/2025 Kulturmidlar 2025 tildeling

Leiar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 26.06.2025 av sak 64/2025 Kulturmidlar 2025
tildeling:

Kulturmidlar for 2025 vert tildelt slik:

IDRETTS/SKYTTARLAG	2025
Masfjord fotballag	30 000
IL Bjørn West	15 000
Risnes IL	15 000
Frøysetvågen skyttarlag	4 500
Fjon UIL, idrett	9 000
Fjon skyttarlag	4 500
Oppedal/ Brekke skyttarlag	2 000
Masfjorden idrettsråd	10 000
Kurs og opplæring	10 000
SUM UTBETALING KONTO 14700-2100-3800	100 000
SONG- OG MUSIKKLAG	2025
Nordbygda skulekorps	25 000
Sandnes skulemusikk	25 000
Songkoret Spleis	8 000
Masfjorden trekkspelklubb	3 000
Fjon musikklag	8 000
SUM UTBETALING KONTO 14700-2100-3850	69 000
UNGDOMSLAG/FRITIDSKLUBBAR	2025
Fjordglimt 4H	7 000
Masfjorden SKU	5 000
Fjon UIL, ungdomsklubb	4 000
Haugsvær aktivitetshus	4 000
SUM SUM UTBETALING KONTO 14700-2100-3850	20 000
DIVERSE TILTAK	2025

Pensjonistforbundet Indre Masfjorden	3 000
Pensjonistforbundet Masfjordnes	3 000
Pensjonistforbundet Nordbygda	3 000
Masfjordspretten	3 000
Kvinge grendalag	3 000
Haugsvær helselag	5 000
Nordbygda helselag	4 000
Matre/Haugsdal helselag	3 000
Sleire helselag	3 000
Vevstova på Sleire	2 000
Nordhordland kunstlag	3 000
Granneheimen	3 000
Masfjorden sogelag	3 000
SUM UTBETALING KONTO 14700-2100-3850	41 000

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 26.06.2025 av sak 65/2025 Kulturtiltaksmidlar 2025
Kariann Ekren (H) ba om å få habiliteten sin vurdert i sak 65/2025 Kulturtiltaksmidlar 2025.

Formannskapet vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Ekren var inhabil sidan ho er ein av søkjarane.

Kariann Ekren deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka.

Leiar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 26.06.2025 av sak 65/2025 Kulturtiltaksmidlar 2025:

Vedtak frå formannskapet:

Kulturtiltaksmidlar 2025 vert fordelt slik:

Søkjar	Tiltak	Dato	Søknadssum 2025	Tilskot 2025
Kvingo nærkjøp	Kulturarrangement i 2024	Heile året	30 000	20 000
Sandneskaféen 2728	Sandnesfest	Juni/heile året	50 000	35 000
Masfjorden sokn	Kulturarrangement i kyrkjene	Heile året	30 000	15 000
Fjon UIL	Masfjordsprinten	Mai	10 000	8 000
Nordhordland musikkteater	Produksjon og framføring av ny framsyning i 2025	Heile året	10 000	7 000
Nordbygda samfunnshus	Folkehelsearrangement	Juni 2025		15 000
SUM				100 000

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 26.06.2025 av sak 66/2025 Kulturvernmidlar 2025 tildeling

Leiar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 26.06.2025 av sak 66/2025 Kulturvernmidlar 2025 tildeling:

Vedtak frå formannskapet:

Det vert for 2025 løyvd:

- kr 40 000 til restaurering av løe på Solheim
- Kr 30 000 til tak på «Sagen», Åsheim gard
- Kr 0 til sikring grunn/bygg «Sagen», Åsheim gard
- Kr 30 000 til nye dører i skulehuset på Kvingo

Midlane vert utbetalt så snart arbeid er gjennomført og enkelt rekneskap vert sendt kommunen.

Frist for arbeidet vert sett til 01.09.2026.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 26.06.2025 av sak 67/2025 Tilskot frå Masfjorden kommune til TV-aksjonen 2025 - Atlas-alliansen

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 26.06.2025 av sak 67/2025 Tilskot frå Masfjorden kommune til TV-aksjonen 2025 - Atlas-alliansen:

Vedtak frå formannskapet:

Masfjorden kommune løyver kroner 15.000,- til TV-aksjonen 2025, som vert finansiert av kommunen sitt disposisjonsfond

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 26.06.2025 av sak 68/2025 Sak om søknad om tilskot til hurtiglading for elbilar på Sandnes

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 26.06.2025 av sak 68/2025 Sak om søknad om tilskot til hurtiglading for elbilar på Sandnes:

Vedtak frå formannskapet::

Masfjorden kommune søker om tilskot til hurtiglading for elbilar på Sandnes.

Investeringa er på vilkår at det vert gjeve 50 % tilskot frå Vestland fylkeskommune, og at det vert avsett midlar i budsjettet for 2026.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 26.06.2025 av sak 69/2025 Oppstart av reguleringsplan for fleirbrukshall i Hosteland Aust

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram forslag om å utsette saka. Framlegg om å utsette saka fall mot ei røyst (Ap)

Framlegg til vedtak vart vedteke med tre røyster (H og FrP).

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 26.06.2025 av sak 69/2025 Oppstart av reguleringsplan for fleirbrukshall i Hosteland Aust:

Vedtak frå formannskapet:

Det vert vedteke oppstart av reguleringsplan for fleirbrukshall vest for Nordbygda skule. Plangrensa er vist nedunder i saksframlegget.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 26.06.2025 av sak 70/2025 Oppstart av endring av reguleringsplan for bru over Masfjorden

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 26.06.2025 av sak 70/2025 Oppstart av endring av reguleringsplan for bru over Masfjorden:

Vedtak frå formannskapet:

Det vert i medhald av plan- og bygningslova § 12-14 starta opp reguleringsendring av reguleringsplan for bru over Masfjorden.

Planavgrensinga er vist i saksframlegget.

Planarbeidet vert finansiert over brufondet.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 26.06.2025 av sak 71/2025 Referat- og orienteringssaker

Referatsaker:

- Etablering av Kvingo Post i Butikk, avvikling av Kvingo Posten pakkeutlevering og Masfjorden pakkeutlevering.
- Statsforvaltarens vedtak - Masfjorden 38/2 m.fl. Skutevika - planID 46312023001
- Vedtak TFV1-046-2025 - forkøyreregulering og fartsgrense - Austfjordvegen- Masfjorden kommune
- Trafikksikring for fotgjengarar på Matre som må kryssa E39
- Formell klage på manglande oppfølging av kommunedelplan for trafikksikring
- Protokoll etter møte i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd 25.mars
- e-post frå Gunnar Devold ang Risnes tomteområdet (delt ut i møtet)

Orientering frå ordførar:

- ordførar orienterte kort om status for Masfjordsambandet

Vedtak/innstilling frå Formannskapet - 26.06.2025 av sak 71/2025 Referat- og orienteringssaker:

Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.

